

Kraftsituasjonen veke 14, 2022

Nettoimport av kraft og lågare kraftprisar i sørlege Noreg

Vedvarande uro i energimarknadane bidreg til store variasjonar og høg uvisse rundt både kraftprisane og brenselsprisane for tida. Russland sin invasjon av Ukraina og uvisse rundt konsekvensar av dette kan ha store utslag på prisane i energimarknadane framover.

Noreg var nettoimportør av kraft førre veke. Ikkje sidan desember 2019 har Noreg importert så mykje kraft over ei veke som i veke 14. Det var spesielt i sørlege Noreg at kraftimporten var høg. Import av rimelegare kraft frå nabolanda bidrog til at kraftprisen i sørlege Noreg vart redusert.

Førebelse tal visar at 35 prosent av vekeforbruket i sørlege Noreg vart dekt av import førre veke. Det betyr at det framleis var ein stor del av forbruket som hovudsakeleg vart dekt av vasskraftproduksjon. Fleire av vasskraftprodusentane verdsette vatnet høgare enn det kraftprisane i nabolanda var. Dei valde derfor å spare vatnet, for å heller ha moglegheita til å produsera ved eit seinare tidspunkt. At fleire vasskraftprodusentar verdsette vatnet høgare bidrog til at sørlege Noreg ikkje fekk like låge kraftprisar som nabolanda.

Høg vindkraftproduksjon bidrog til lågare kraftprisar i nesten heile Norden førre veke. I Midt-Noreg (NO3) var vekeprisen 35 øre/kWh, ein nedgang på 16 prosent frå veka før. Periodar med lite vind nord i Noreg og Sverige gav likevel tidvis høge kraftprisar. Vekeprisen i Nord-Noreg (NO4) auka med 19 prosent førre veke som følgje av høge prisar i starten av veka. I desse timane var det ikkje flaskehals mellom Nord-Noreg og Nord-Sverige (SE1), og Nord-Noreg fekk lik pris som nord i Sverige. I dei sørlege prisområda i Noreg (NO1, NO2 og NO5) var vekeprisen 164 øre/kWh, ein nedgang på 13 prosent samanlikna med veka før.

I veke 13 vart ein ny metode for utrekning av utvekslingskapasitet mellom Sørøst-Noreg (NO1) og Sør-Sverige (SE3) teken i bruk. I periodar med høg kraftflyt frå Danmark til Sør-Sverige, kan ein høgare importkapasitet bli frigitt på forbindinga frå Sør-Sverige til Sørøst-Noreg. Førre veke gav denne metoden økt importkapasitet på forbindinga nesten heile veka, noko som bidrog til at Noreg importerte dobbelt så mykje straum frå Sør-Sverige samanlikna med veka før.

Vassmagasinstatistikk

Ved utgangen av veke 14 var fyllingsgrada i norske magasin på 24,9 prosent. Til samanlikning er medianverdien for fyllingsgrada på tilsvarande tidspunkt 34,6 prosent for åra 2002-2021.

Fyllingsgrada gjekk ned med 1,8 prosenteningar frå veka før. Fyllingsgrada ligg no 9,7 prosenteningar lågare enn medianverdien. Høgast magasinbefylling hadde Nord-Noreg (område 4) med 44,0 prosent, medan Aust-Noreg (område 1) hadde lågast fylling med 9,7 prosent.

Vêr og hydrologi

I veke 14 var temperaturen 1-4 grader under vekegjennomsnittet for siste 20 år i heile landet. I veke 15 er det venta vêr med temperaturar som er om lag på det normale 0-1 grader under vekegjennomsnittet i heile Noreg.

For veke 14 er berekna tilsig 0,6 TWh. Det er 44 prosent av vekegjennomsnittet. I veke 15 er det venta eit tilsig på 0,5 TWh, det er 30 prosent av vekegjennomsnittet.

Berekna snømagasin er i slutten av veke 13 om lag 55 TWh. Det er 3 TWh over gjennomsnittet (2001-2020) for denne tida av året. Prognosert snømagasin ved slutten av veke 15 er 55 TWh.

Det er store regionale forskjellar i snømengd, med jamt over mindre snø enn normalen over store deler av Aust-Noreg, og normale eller over normale snømengd i resten av landet. For fleire detaljer om snø, sjå: www.senorge.no.


Magasinfylfilling

Tabell 1 Magasinfylfilling. Kjelde: NVE og Nord Pool

	Prosent				Prosentteiningar		
	Veke 14 2022	Veke 13 2022	Veke 14 2021	Median veke 14	Endring frå sist veke	Differanse frå same veke i 2021	Differanse frå median
Norge	24,9	26,7	44,3	34,6	-1,8	-19,3	-9,7
NO1	9,7	11,4	20,2	13,9	-1,7	-10,5	-4,2
NO2	21,5	23,1	55,3	42,5	-1,6	-33,8	-21,0
NO3	25,6	28,6	35,7	23,3	-3,0	-10,2	2,3
NO4	44,0	45,9	50,5	41,0	-1,9	-6,5	3,0
NO5	14,3	15,9	27,7	25,3	-1,6	-13,4	-11,0

*Referanseperioden for medianen er 2002-2021 for Noreg og dei fem norske elspotområda. Merknad: På grunn av påskeferie inneheld ikkje rapporten oppdaterte svenske magasintal for veke 14.


Figur 1: Fyllingsgraden til vassmagasina i Noreg. Prosent. Kjelde: NVE





Figur 2: Fyllingsgraden til vassmagasina i Sverige. Prosent. Kapasitet=33,8 TWh. Kjelde: Svensk Energi.

Merknad: På grunn av påskeferien inneheld ikkje rapporten svenske magasintal for veke 14.

Figur 3 Fyllingsgraden til vassmagasina i elspotområda NO1, NO2, NO3, NO4 og NO5. Prosent. Kjelde: NVE





Tilsig og nedbørtilhøve

Tabell 2 Tilsig og nedbør. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE¹

TWh	Veke 14 2022	Veke 14 Gjennomsnitt	Veke 14 2021	Differanse frå same veke i 2021	Prosent av gjennomsnitt veke
Tilsig	0,6	1,4	1,0	-0,4	44
Nedbør	2,2	2,1	5,9	-3,7	106

Tabell 2a Utviklinga i tilsig og nedbør så langt i år. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE¹


TWh	Veke 1-14 2022	Gjennomsnitt	Differanse frå gjennomsnitt
Tilsig	13,0	12,6	0,4
Nedbør	55,0	42,7	12,3

Tabell 2b Forventa tilsig og nedbør i inneverande veke. Gjennomsnitt for perioden 2002-2021. Kjelde: NVE¹

	TWh	Prosent av gjennomsnitt
Tilsig	0,5	30
Nedbør	1,1	60


For fleire detaljar når det gjeld vassføring i Noreg sjå: <http://www2.nve.no/h/hd/plotreal/>

Figur 4 Nedbør i Noreg 2021 og 2022, og gjennomsnitt for perioden 2002-2021, GWh. Kjelde: NVE¹



¹ For fleire detaljar sjå <https://www.nve.no/energi/analyser-og-statistikk/hydrologiske-data-til-kraftsituasjonsrapporten/>


Figur 5 Nyttbart tilsig i Noreg i 2021 og 2022, maks, min og gjennomsnitt for perioden 2002-2021, GWh. Kjelde: NVE¹



Figur 5a Nyttbart tilsig i elspotområda NO1, NO2, NO3, NO4 og NO5 i 2021 og 2022, maks, min og gjennomsnitt for perioden 2002-2021, GWh. Kjelde: NVE

Merknad: På grunn av påskeferien inneheld ikkje rapporten oppdaterte tilsigstal for dei norske elspotområda. Tala finst på heimesidene våre: <https://www.nve.no/energi/analyser-og-statistikk/hydrologiske-data-til-kraftsituasjonsrapporten/>

Figur 6 Hydrologisk balanse for Noreg, ref. periode (2002-2021). Kjelde: NVE¹



*Hydrologisk balanse er definert som samla vasskraftpotensial samanlikna med normalt


Tabell 3 Hydrologisk balanse for Noreg. Kjelde: NVE¹

TWh	Veke 14 2022	Anslag veke 15 2022
Avvik magasin	-7,8	-8,4
Avvik snø, grunn- og markvatn	3,7	4,0
Hydrologisk balanse	-4,1	-4,3

Figur 7 Temperaturar i Noreg per dag, gjennomsnitt og normal for veka. Kjelde: Meteorologisk institutt og SKM Market Predictor



Figur 7b Utviklinga av snømagasin for dei norske vassmagasina vintrane, 2019/20, 2020/21 og 2021/22 i GWh. Gjennomsnitt, maksimum og minimum er for 20-års-perioden 2001-2020. Raud linje synar òg prognose. Kjelde: NVE



Produksjon, forbruk og utveksling


Tabell 4 Nordisk produksjon, forbruk* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: SKM Market Predictor

	Veke 14	Veke 13	Endring frå førre veke (GWh)	Endring frå førre veke (%)
<i>Produksjon</i>				
Norge	2 524	3 069	-546	-18 %
NO1	195	244	-50	-20 %
NO2	838	1 128	-290	-26 %
NO3	518	537	-19	-4 %
NO4	631	643	-12	-2 %
NO5	342	516	-174	-34 %
Sverige	3 547	3 534	12	0 %
SE1	509	602	-92	-15 %
SE2	1 070	1 087	-17	-2 %
SE3	1 702	1 675	27	2 %
SE4	265	170	94	55 %
Danmark	903	702	201	29 %
Jylland	609	495	114	23 %
Sjælland	293	207	87	42 %
Finland	1 388	1 437	-50	-3 %
Norden	8 361	8 743	-382	-4 %
<i>Forbruk</i>				
Norge	2 832	2 820	12	0 %
NO1	741	727	15	2 %
NO2	749	745	3	0 %
NO3	597	587	10	2 %
NO4	397	416	-19	-5 %
NO5	348	344	3	1 %
Sverige	2 934	2 914	20	1 %
SE1	226	211	16	7 %
SE2	324	336	-12	-4 %
SE3	1 879	1 868	11	1 %
SE4	505	500	5	1 %
Danmark	720	692	28	4 %
Jylland	446	421	25	6 %
Sjælland	274	271	3	1 %
Finland	1 650	1 684	-34	-2 %
Norden	8 136	8 110	26	0 %
<i>Nettoeksport</i>				
Norge	-308	250	-558	
Sverige	613	620	-7	
Danmark	183	10	172	
Finland	-262	-247	-15	
Norden	225	633	-408	

*Ikkje temperaturkorrigerede tal.


Vind- og kjernekraftproduksjon

Figur 8 Kjernekraftproduksjon i Sverige og Finland dei to siste vekene. Kjelde: SKM Market Predictor (Førebels statistikk).





Merknad: Det finske kjernekraftverket Olkiluoto 3 (1600 MW) starta testproduksjon i veke 10 og vart kopla til nettet 12. mars 2022. Vi har difor endra installert kapasitet i figuren over. Produksjonen skal gradvis trappes opp og kraftverket er venta å vere i full drift i slutten av juli.

Figur 9 Vindkraftproduksjon i Noreg, Danmark, Finland og Sverige dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Noreg, Danmark, Finland og Sverige i år og førre år. (Førebels statistikk). Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 10 Vindkraftproduksjon i Norden, Tyskland og Storbritannia dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Norden, Tyskland og Storbritannia i år og førre år. (Førebels statistikk). Kjelde: SKM Market Predictor



Utviklinga i kraftproduksjon og forbruk


Tabell 5 Produksjon, forbruk og utveksling så langt i år. Kjelde: SKM Market Predictor (Førebels statistikk)

Norge (TWh)	Til no i år	Same periode (2021)	Endring (%)	Endring (TWh)
Produksjon	46,4	49,9	-7,5	-3,5
Forbruk	42,9	47,1	-9,7	-4,2
Nettoeksport	3,5	2,8		0,7


Norden (TWh)	Til no i år	Same periode (2021)	Endring (%)	Endring (TWh)
Produksjon	131,4	134,6	-2,4	-3,2
Forbruk	122,5	131,3	-7,2	-8,8
Nettoeksport	9,0	3,3		5,6

Utvexling


Figur 11 Nettoutveksling pr. veke for Noreg og Norden i år og førre år., GWh. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 12 Import og eksport i dei norske elspotområda førre veke. Alle tal i GWh. Kjelde: SKM Market Predictor.



Figur 13 Marknadsflyt mellom elspotområda i Norden førre veke, GWh. Kjelde: SKM Syspower



* Tal for veka før står i parentes. Mellom Russland og Finland er det oppgjeve tal for fysisk flyt.


Kraftprisar

Engrosmarknaden


Tabell 6 Kraftprisar – nordiske elspotområde*. Vekesnitt. Kjelde: SKM Market Predictor.

kr/MWh	Veke 14	Veke 13 (2022)	Veke 14 (2021)	Endring frå førre veke (%)	Endring frå i fjor (%)
NO1	1643,6	1881,9	386,8	-12,7	324,9
NO2	1643,6	1881,9	358,4	-12,7	358,5
NO3	348,6	415,9	201,6	-16,2	72,9
NO4	243,2	204,3	201,6	19,0	20,6
NO5	1643,6	1881,9	374,4	-12,7	339,0
SE1	349,4	518,1	195,7	-32,6	78,5
SE2	349,4	518,1	195,7	-32,6	78,5
SE3	554,3	1220,8	274,8	-54,6	101,7
SE4	576,7	1308,7	327,9	-55,9	75,9
Finland	489,7	929,9	290,0	-47,3	68,9
Jylland	897,7	1786,3	339,3	-49,7	164,6
Sjælland	645,3	1665,6	354,0	-61,3	82,3
Estland	625,7	1366,5	341,2	-54,2	83,4
System	995,3	1588,2	299,3	-37,3	232,5
Nederland	1963,3	2226,1	463,2	-11,8	323,9
Tyskland	969,4	1988,1	414,8	-51,2	133,7
Polen	884,3	1206,2	527,0	-26,7	67,8
Storbritannia	2249,8	2655,8	663,9	-15,3	238,9

Figur 14 Gjennomsnittleg vekespris for prisområda Noreg i år. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 15 Spotprisar i Norden, Nederland, Tyskland og Storbritannia i førre veke. Kjelde: SKM Market Predictor




Terminmarknaden

Tabell 7 Terminprisar, nordisk og tysk kraft, samt CO₂-kvotar. Kjelder: SKM Market Predictor. Prisane i tabellen er sluttprisar fredag i den aktuelle veka.

Terminprisar (kr/MWh)		Veke 14	Veke 13	Endring (%)
Nasdaq OMX (nordisk kraft)	Mai	931,7	937,4	-0,6
	Juni	745,9	703,6	6,0
	3. kvartal 2022	751,3	690,5	8,8
	4. kvartal 2022	962,0	877,0	9,7
EEX (tysk kraft)	3. kvartal 2022	2468,7	2643,5	-6,6
	4. kvartal 2022	2564,3	2638,2	-2,8
CO ₂ (kr/tonn)	Desember 2022	766,1	758,8	1,0
	Desember 2023	784,8	776,6	1,1

Figur 16 Daglege sluttprisar for enkelte typar kontraktar i den finansielle kraftmarknaden siste tolv månader, kr/MWh. Kjelde: SKM Market Predictor



Figur 17 Daglege sluttprisar for utslippskvotar på CO₂, kr/tonn. Kjelde: SKM Market Predictor



Sluttbrukarprisar


Tabell 8 Vekeutvikling i sluttbrukarprisar. Alle prisar er inkl. mva. bortsett frå spotpriskontrakt i Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar.

Kjelde: Forbrukerrådet, Nord Pool Spot og NVE.

Øre/kWh		Veke 14 2022	Veke 13 2022	Veke 14 2021	Veke 14 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
Variabelpris kontrakt*	Snitt frå eit utval av leverandørar	189,1	190,5	66,2	36,1	-1,4	122,9	153,0
		Veke 14 2022	Veke 13 2022	Veke 14 2021	Veke 14 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
Marknadspris- / spotpriskontrakt	Aust-Noreg (NO1)	210,0	239,6	52,8	11,4	-29,6	157,2	198,6
	Sørvest-Noreg (NO2)	210,0	239,6	49,2	11,4	-29,6	160,8	198,6
	Midt-Noreg (NO3)	48,0	56,4	29,6	11,5	-8,4	18,4	36,5
	Nord-Noreg (NO4)	27,9	24,0	23,7	9,2	3,9	4,2	18,7
	Vest-Noreg (NO5)	210,0	239,6	51,2	11,4	-29,6	158,8	198,6
Fastpriskontrakt		Veke 14 2022	Veke 13 2022	Veke 14 2021	Veke 14 2020	Endring frå førre veke	Endring frå tilsvarande veke i fjor	Endring frå tilsvarande veke i 2020
	1 år (snitt Noreg)	128,2	124,9	49,6	41,5	3,3	78,6	86,7
	3 år (snitt Noreg)	100,8	90,3	47,5	44,5	10,5	53,3	56,3


* Metoden for berekning av variabelpriskontrakt er gjennomsnittet av kontraktar som er tilbodde i fleire enn ti nettområder.

Figur 18 Vekeutvikling i pris på spotpriskontrakt* med eit påslag på 4,4 øre/kWh. Kjelder: Nord Pool Spot og NVE.



* Alle prisar bortsett frå spotpriskontrakt for Nord-Noreg inkluderer mva. NVE nyttar eit påslag på 4,4 øre/kWh inkl. mva på alle spotpriskontraktar, bortsett frå spotpriskontraktar i Nord-Noreg, kor påslaget er på 3,5 øre/kWh ekskl. mva.

Figur 19 Vekeutvikling i prisane for spotpriskontraktar*, eitt- og treårige fastpriskontraktar** og variabelpriskontraktar***, basert på eit årleg forbruk på 20 000 kWh. Alle prisar inkl. mva. i norske øre/kWh. Kjelde: Forbrukerrådet.



* Alle prisar bortsett frå spotpriskontrakt for Nord-Noreg inkluderer mva. NVE nyttar eit påslag på 4,4 øre/kWh inkl. mva på alle spotpriskontraktar, bortsett frå spotpriskontraktar i Nord-Noreg, kor påslaget er på 3,5 øre/kWh ekskl. mva.

** For fastpriskontraktar er det brukt eit gjennomsnitt av fastpriskontraktar som er tilbodne i fleire enn ti nettområder.

*** Prisar for variabelpriskontraktar vert meldt fram i tid. Metoden for å berekne variabel priskontrakt er å rekne gjennomsnittet av kontraktar som er tilbydd i fleire enn ti nettområder.

Tabell 9 Vekeutvikling i straumkostnaden* for sluttbrukarar. Straumkostnaden er eksklusiv nettlege** og forbruksavgift, men inkl. mva. bortsett frå elspotområdet Nord-Noreg. Dette er gjort for å gi eit meir korrekt bilete av kva forbrukarar i Nordland, Troms og Finnmark, som har fritak frå mva. på straum, faktisk betalar. Kjelde: Forbrukerrådet, Nord Pool Spot og NVE.

NOK		Berekna straumkost. veke 14 2022	Berekna straumkost. veke 13 2022	Endring frå førre veke	Berekna straumkost. hittil i 2022	Berekna straumkost. veke 14 2021	Differanse frå 2021 til no i år	Berekna straumkost. veke 14 2020	Differanse frå 2020 til no i år	
Marknadspriis-/ spotpriskontrakt **	Aust-Noreg (NO1)	10 000 kWh	454	535	-81	7137	114	4730	25	6248
		20 000 kWh	908	1069	-162	14273	228	9460	49	12495
		40 000 kWh	1816	2139	-323	28547	425	19281	98	24999
	Sørvest-Noreg (NO2)	10 000 kWh	454	535	-81	7137	106	4820	25	6250
		20 000 kWh	908	1069	-162	14273	213	9640	49	12499
		40 000 kWh	1816	2139	-323	28547	425	19281	98	24999
	Midt-Noreg (NO3)	10 000 kWh	104	126	-22	1176	64	-703	25	279
		20 000 kWh	207	252	-44	2352	128	-1405	49	557
		40 000 kWh	415	503	-88	4705	256	-2811	99	1114
	Nord-Noreg (NO4)	10 000 kWh	60	53	7	842	51	-550	20	125
		20 000 kWh	120	107	14	1684	102	-1100	40	249
		40 000 kWh	241	214	27	3368	205	-2200	79	499
Vest-Noreg (NO5)	10 000 kWh	454	535	-81	7078	111	4675	25	6189	
	20 000 kWh	908	1069	-162	14156	221	9350	49	12377	
	40 000 kWh	1816	2139	-323	28311	443	18700	98	24754	
Variabelpris kontrakt	10 000 kWh	416	433	-17	6692	149	4013	85	4694	
	20 000 kWh	817	850	-33	13184	286	8024	156	9391	
	40 000 kWh	1620	1686	-65	26169	560	16046	298	18785	

* NVE nyttar ein temperaturkorrigert justert innmatingsprofil, basert på alminneleg forsyning i 2009-2014, for å berekna straumkostnaden til sluttbrukarane. Innmatingsprofilen er berekna av konsultentselskapet Optimeering AS på oppdrag frå NVE. Den same innmatingsprofilen er nytta for alle elspotområda og variabelpriskontrakt.

** Oversikt over nettlege per fylke og nettselskap finnes på [RMEs nettsider](#).

Tilstanden til kraftsystemet²

Det er vedlikehaldsarbeid på linjenett og ved kraftstasjonar fleire stader i Norden. For meir informasjon om linjer og kraftverk viser vi til heimesidene til Nord Pool.

Produksjon

Type	Område	Publisert av	Eining	Dato fra	Dato til	Varighet	Installert (MW)	Utilgjengeleg (MW)	Link til UMM
Unplanned	DK2	HOFOR Energiproduksjon A/S	Amagervaerket Blok 4	2022-03-14	2022-04-11	28 dagar	150	150	Link 10
Planned	DK2	Ørsted Bioenergy & Thermal Power A/S	Avedøreværket AVV2	2022-04-01	2022-04-04	2 dagar	548	548	Link 26
Unplanned	FI	PD Power Oy	Alholmens Kraft B2	2022-04-08	2022-04-11	3 dagar	240	240	Link 23
Planned	FI	Fortum Power and Heat Oy	Naantali Na3	2022-04-03	2022-05-14	41 dagar	105	105	Link 50
Planned	NO1	HAFSLUND E-CO VANNKRAFT AS	Vamma G12	2022-03-28	2022-04-13	16 dagar	129	129	Link 20
Planned	NO2	Statkraft Energi AS	Kvilldal G1	2022-04-04	2022-12-21	261 dagar	310	310	Link 46
Planned	NO5	Statkraft Energi AS	Sy-Sima G2	2022-04-04	2022-04-12	8 dagar	310	310	Link 17
Unplanned	NO5	HAFSLUND E-CO VANNKRAFT AS	Aurland 3 G2	2022-01-29	2022-05-06	97 dagar	140	140	Link 27
Planned	NO5	Eviny Fornybar AS	Evanger G3	2022-03-03	2022-05-27	85 dagar	110	110	Link 47
Planned	NO5	Statkraft Energi AS	Lang Sima G2	2022-03-04	2022-05-27	84 dagar	250	250	Link 48
Planned	SE1	Vattenfall AB	Seitevare	2022-04-04	2022-06-23	80 dagar	225	225	Link 41
Planned	SE1	Vattenfall AB	Messaure G1	2022-03-21	2022-04-13	23 dagar	150	150	Link 44
Planned	SE2	Vattenfall AB	Stornorrfor G2	2022-03-28	2022-04-06	9 dagar	135	135	Link 21
Planned	SE3	Stockholm Exergi AB	Värtan KVV1	2022-03-31	2022-11-11	225 dagar	190	190	Link 31
Planned	SE4	Sydskraft Thermal Power AB	Karlshamn G2	2022-03-19	2022-04-13	25 dagar	335	335	Link 45

² Kjelde: <http://umm.nordpoolspot.com/> ("Urgent Market Messages (UMM)")

Overføring

Type	Publisert av	Eining	Dato fra	Dato til	Varighet	Installert (MW)	Utlgjengeleg (MW)	Link til UMM
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK1	2022-04-09	2022-04-13	4 dagar	2500	0-1150	Link 4
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK1	2022-03-18	2022-04-14	27 dagar	2500	0-1835	Link 5
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK1	2022-04-04	2022-04-08	4 dagar	2500	1150	Link 33
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK2	2020-06-15	2022-12-12	910 dagar	1000	0-1000	Link 37
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → DK2	2020-06-08	2022-12-19	924 dagar	1000	0-1000	Link 38
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → NO2	2022-04-09	2022-04-13	4 dagar	1444	0-738	Link 2
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DE-LU → NO2	2022-03-18	2022-04-14	27 dagar	1444	0-1444	Link 3
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK1 → DE-LU	2022-04-09	2022-04-13	4 dagar	2500	0-2000	Link 8
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK1 → DE-LU	2022-03-18	2022-04-14	27 dagar	2500	0-2000	Link 9
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK1 → DE-LU	2022-04-04	2022-04-08	4 dagar	2500	2000	Link 34
Planned	Energinet	DK1 → NO2	2019-11-19	2023-06-30	1319 dagar	1632	0-830	Link 13
Planned	Energinet	DK1 → NO2	2022-03-28	2022-04-08	11 dagar	1632	522-1151	Link 15
Planned	Statnett SF	DK1 → NO2	2022-04-04	2022-04-08	4 dagar	1632	522	Link 16
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK2 → DE-LU	2020-06-15	2022-12-12	910 dagar	985	336-985	Link 39
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	DK2 → DE-LU	2020-06-08	2022-12-19	924 dagar	985	336-985	Link 40
Unplanned	Svenska kraftnät	FI → SE1	2022-04-08	2022-04-10	2 dagar	1100	350	Link 24
Unplanned	Statnett SF	GB → NO2	2022-03-22	2022-06-14	84 dagar	1400	706	Link 32
Unplanned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	NL → NO2	2022-03-13	2022-04-23	40 dagar	723	303	Link 35
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	NO2 → DE-LU	2022-03-18	2022-04-14	27 dagar	1444	0-1444	Link 6
Planned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	NO2 → DE-LU	2022-04-09	2022-04-13	4 dagar	1444	0-1011	Link 7
Planned	Energinet	NO2 → DK1	2019-11-19	2023-06-30	1319 dagar	1632	0-1024	Link 13
Planned	Energinet	NO2 → DK1	2022-03-28	2022-04-08	11 dagar	1632	232-472	Link 15
Planned	Statnett SF	NO2 → DK1	2022-04-04	2022-04-08	4 dagar	1632	232	Link 16
Unplanned	Statnett SF	NO2 → GB	2022-03-22	2022-06-14	84 dagar	1400	706	Link 32
Unplanned	European Network of Transmission System Operators for Electricity	NO2 → NL	2022-03-13	2022-04-23	40 dagar	723	303	Link 36
Unplanned	Statnett SF	NO3 → NO5	2022-02-12	2022-04-22	69 dagar	500	500	Link 25

Unplanned	Statnett SF	NO3 → SE2	2022-02-18	2022-04-22	63 dagar	600	100	Link 25
Unplanned	Statnett SF	NO5 → NO3	2022-02-12	2022-04-22	69 dagar	500	400	Link 25
Planned	Svenska kraftnät	SE1 → SE2	2022-04-05	2022-04-07	2 dagar	3300	500	Link 19
Unplanned	Svenska kraftnät	SE1 → SE2	2022-04-08	2022-04-10	2 dagar	3300	1300	Link 24
Planned	Svenska kraftnät	SE1 → SE2	2022-04-04	2022-07-24	111 dagar	3300	100	Link 49
Unplanned	Statnett SF	SE2 → NO3	2022-02-12	2022-04-22	69 dagar	1000	300	Link 25
Planned	Svenska kraftnät	SE2 → NO3	2022-04-04	2022-07-24	111 dagar	1000	600	Link 49
Planned	Svenska kraftnät	SE2 → SE3	2022-04-04	2022-07-24	111 dagar	7300	300	Link 49
Unplanned	Svenska kraftnät	SE3 → SE4	2022-03-16	2022-05-31	76 dagar	6200	400-1100	Link 28
Unplanned	Svenska kraftnät	SE4 → SE3	2022-03-17	2022-05-31	75 dagar	2800	400	Link 28

Forbruk

Type	Område	Publisert av	Eining	Dato fra	Dato til	Varighet	Installert (MW)	Utilgjengeleg (MW)	Link til UMM
Unplanned	FI	Gasum Oy	Tornio / TW	2022-04-08	2022-04-08	0 dagar	396	137-146	Link 14
Planned	FI	Gasum Oy	Tornio / TW	2022-04-06	2022-04-06	0 dagar	396	145-200	Link 22
Planned	FI	UPM Energy Oy	Rauma Paper Mill / PM	2021-12-29	2022-04-30	121 dagar	185	165	Link 29
Planned	FI	UPM Energy Oy	Jämsänkoski Paper Mill / PM	2021-12-31	2022-04-30	119 dagar	200	180	Link 30
Planned	NO2	Axpo Nordic AS	INOVYN RAFNES	2022-03-11	2022-04-19	39 dagar	130	130	Link 43
Unplanned	NO3	Gassco AS	Nyhamna	2022-04-10	2022-04-11	0 dagar	220	112-130	Link 1
Planned	SE2	Volue Market Services AS	SCA Ortviken, Sundvall Paper Mill	2021-01-19	2023-12-31	1076 dagar	240	100-210	Link 51
Unplanned	SE3	Stockholm Exergi AB	Ropsten	2022-04-08	2022-04-11	3 dagar	167	100-167	Link 11
Planned	SE3	Stockholm Exergi AB	Ropsten	2022-03-25	2022-04-07	13 dagar	167	80-167	Link 18